



## SAKSPAPIR

| Saksnr  | Utval                               | Type | Dato       |
|---------|-------------------------------------|------|------------|
| 29/2022 | Bygdeutviklingsutvalet              | PS   | 15.11.2022 |
| 90/2022 | Formannskap/plan- og økonomiutvalet | PS   | 22.11.2022 |

| Sakshandsamar | Arkiv          | ArkivsakID |
|---------------|----------------|------------|
| Knut Trefall  | FA-Q80, FE-113 | 22/512     |

### Prioriteringsliste for fysiske trafikktryggleikstiltak 2022 - 2025

#### Vedlegg:

Barnetråkk 2022 - Kunnskapsgrunnlag

Prioriteringsliste for fysiske tiltak på kommunale vegar 2022-2025

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prioriteringsliste for fysiske trafikktryggleikstiltak 2022 – 2025 vert vedteke slik den ligg føre.

#### Bygdeutviklingsutvalet - Sak 29/2022

##### **BYG - Behandling:**

Utvalet drøftar saka.

Samråystes vedteke

##### **BYG - Tiltråding/Vedtak:**

Prioriteringsliste for fysiske trafikktryggleikstiltak 2022 – 2025 vert vedteke slik den ligg føre.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 90/2022

##### **FPØ - Behandling:**

Formannskapet drøftar saka

Samråystes vedteke

##### **FPØ - Tiltråding/Vedtak:**

Prioriteringsliste for fysiske trafikktryggleikstiltak 2022 – 2025 vert vedteke slik den ligg føre.

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn for saka

Prioriteringsliste for fysiske trafikktryggleikstiltak 2022 – 2025 vert no lagt fram for politisk handsaming.

I kommunens planstrategi, vedteke i 2020, har Trafikktryggleiksplanen høg prioritet og skal evaluerast og oppdaterast årleg. I sak 22/512 vedtok kommunestyret i Vaksdal *Trafikktryggleiksplan for Vaksdal kommunen 2022 – 2025*. I planen står det at kommunen skal:

- «årleg utarbeide prioriteringsliste for fysiske trafikktryggleikstiltak på kommunal veg, og gjennomføra desse innanfor eksisterande økonomiske rammer»
- «ha ei prioriteringsliste for trafikktryggleikstiltak på fylkes og riksveg, og med årleg rullering»

Trafikktryggleiksplanen har som målsetting at det skal vera null drepne og null hardt skadde i trafikken i Vaksdal kommune. Prioriteringslista for fysiske trafikktryggleikstiltak 2022- 2025 gjev ei heilskapleg oversikt over utfordringane langs vegane i Vaksdal kommune og vil vere viktig i arbeidet for å få skape trygge vinar for skulelevar og mjuke trafikantar, og såleis nå målsettinga.

Kommunen har ansvar for å følge opp prioriteringar på kommunale vinar medan fylkeskommunen og Statens vegvesen tar utgangspunkt i kommunens trafikktryggleiksplanar når dei gjer prioriteringar på deira vinar.

Kommunen kan søkje om midlar til trafikktryggleikstiltak hos staten og fylkeskommunen. For å få tildelt midlar frå fylkeskommunen er oppdatert trafikktryggleiksplan eit kriterium.

### Overordna om planarbeidet

Prioriteringslista inneheldt ein oversikt over punkt og strekningar langs vegane i Vaksdal kommune der det er behov for fysiske trafikktryggleikstiltak. Utfordringane er basert på nye og eldre innspel og gjennomgang av eksisterande planar. Utfordringane er fordelt på dei fem skulekrinsane i kommunen og framstilt på kart og i tabell. Totalt er 50 utfordringar kartfesta. Prioritering av utfording/tiltak er gjort med fokus på mjuke trafikantar, at skulelevar skal ha ein trygg skuleveg, og er sortert i kategoriane høg, middels og lågare prioritet. Tiltak av middels- og høg prioritet på kommunal veg vert til slutt kostnadsberekna og framstilt som ein investeringsplan, sjå tabellen under eller prioriteringslista side 21. Utfordringar på fylkeskommunale vinar vert vidareformidla til fylket.

### Investeringsplan

Kategorien «mindre kostbare tiltak» i investeringsplanen er ein samlepott for prioriterte tiltak med ein kostnad under 100.000 kr. Dette gjeldt tiltak nr. 11, 32, 37, 45 og 48. Nokre av dei prioriterte tiltaka er allereie vedteken og avsett midlar til, eller vert tatt opp i andre planar. Det er viktig å ferdigstille desse.

| Investeringsplan for tiltak på kommunale vinar |     |                                 |         |      |      |      |
|--|-----|---------------------------------|---------|------|------|------|
| Nr   | Veg | Tiltak                          | Kostnad | 2023 | 2024 | 2025 |
|  |     | Forhindre utgliding av vegbane, |         |      |      |      |

|  |                        |                                     |     |            |           |  |
|--|------------------------|-------------------------------------|-----|------------|-----------|--|
| 33                                     | Hesjedalen             | nytt rekkverk og asfalt             | 600 | 600        |           |  |
| 41                                     | Stavenesvegen          | Redusert fartsgrense og fartshumpar | 140 |            | 140       |  |
|  | Mindre kostbare tiltak |                                     | 150 | 150        |           |  |
| Sum                                    |                        |                                     |     | 750        | 140       |  |
| Trafikktryggleikstilskot (inntil 50 %) |                        |                                     |     | 375        | 70        |  |
| <b>Kommunale kostnadar</b>             |                        |                                     |     | <b>375</b> | <b>70</b> |  |

### Medverknad

Ålmenta vart invitert til å sende inn innspeil til fysiske trafikktryggleikstiltak i nærområdet gjennom kunngjering i Vaksdalposten, på sosiale medium og kommunen si nettside. Det vart også sendt ut invitasjon til å komme med innspeil til skular, barnehagar og «vel- foreiningar».

Kommunen har særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå born og unge, jf. Pbl. §5-1. Born og unge har vore i fokus, og det har vore gjennomført medverknadsmetoden «Barnetråkk» ved fleire skular i kommunen. Gjennom Barnetråkk får ein kartfesta kva vegar som vert nytta til skulen og kva stader born og ungdom liker og ikkje liker, samt kva ynskjer dei har for endring av desse stadane. Resultat frå registreringa er nytta som argumentasjon for dei representative utfordringane som er spelt inn.

### **Vurdering og konsekvensar**

#### Økonomi:

Utføring av tiltaka på kommunal veg vil medføre ein kostnad for kommunen. Det vil bli søkt om fylkeskommunale midlar. Innvilga tilskot kan dekkje opp til 50 % av totalkostnaden for tiltaket, resterande beløp vil vere kommunen sin eigenandel.

#### Folkehelse og klima:

Dei prioriterte tiltaka er hovudsakleg retta mot mjuke trafikantar og skuleelevar, og støtter opp om delmålet «Trygge og utviklande oppvekstvilkår for born og unge» i kommuneplanens samfunnsdel. Auka trafikktryggleik og tilrettelegging for mjuke trafikantar kan bidra til at fleire går, syklar og heldt seg aktive, noko som også gjev positive konsekvensar for folkehelsa i kommunen i tillegg til å vere eit viktig klimatiltak gjennom reduserte klimagassutslepp. Eit samfunn med auka trafikktryggleik, betre folkehelse og reduserte klimagassutslepp er også meir attraktivt for innbyggjarar og moglege tilflyttarar.